



Bergensleiren ved Fjellandsbøvatnet.

**Det er ikkje berre fjellklatrarar som nyt ferielivet i nærleiken av Fjellandsbøvatnet. På sletta inst ved vatnet slo også 3 familiar frå Bergen og Bjørøy på Sotra leir fredag kveld. Tilsaman er dei 10 personar med stort og smått, 4 barn og 6 vaksne. Desse brukar helga til sosialt samvær og andre friluftaktivitetar.**

- Vi skal vera her fram til søndag, og vi kjem til å padla litt kano, gå små turar og så syns barna det er koseleg å tusla rundt, og gjerne vassa litt og sjå på det spennande livet i bekken, seier ein av fedrene då eg besøkte leiren i 20-tida fredag kveld.

Han fortel vidare at barna skal byrja på skulen til hausten, og dei tenkte derfor at dette kunne vera ei fin markering av dette, og av starten på sommarferien.

- Blir det ein suksess, vert det kanskje ein årviss tradisjon, la han til.



[God stemning og klargjering til gourmet-måltid](#)

Då eg besøkte leiren fredag kveld, var kosen alt godt i gang. Tre romslege lavvoar var slått opp, det var god fyr på grua og nokre av barna var på leit etter meir ved. To av damene dreiv og la deig rundt eit kjøtstykke.

- Desse damene er så flinke med mat. Dei syt alltid for gourmet-måltid. I kveld blir det innbakt indrefilet på grillen, sa ein av mennene forventningsfull.

Då eg var innom dei på nytt i føremiddag, var stemningen svært god. Nokre av dei vaksne hadde klargjort tre samanleggbare kanoar til bruk medan nokre av barna vassa i bekken like ved.

Humøret var på topp!

- Det er ein vidunderleg plass; - og så i dette knallveret, var omkvedet.



[Klart for kanotur! Halvt uskedeling Endre Helland til høyre.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland